

RETURA®



Best på avfallsløysingar
Eit miljø i balanse

Berekraftige løysingar for ei grønare framtid

Sidan 2004 har Retura Søre Sunnmøre jobba for å skape løysingar som gjer det enklare å ta vare på miljøet. Som ein del av Retura Norge tilbyr vi tenester innan avfallshandtering, inkludert innsamling, sortering og transport.

Vi dekker heile Søre Sunnmøre og delar av nabofylket. Gjennom samarbeid med andre Retura-avdelingar på tvers av regionar løyser vi små og store oppgaver. Vi kombinerer lokal kunnskap med nasjonal styrke!

Vi handterer ordinært og farleg avfall for bedrifter og privatpersonar. Vi tilpassar løysingar som er enkle, kostnadseffektive og gode for miljøet.


***Som ein påliteleg samarbeidspartnar
hjelper vi næringslivet å nå sine mål!***



Vi er totalleverandør av:

- rådgjeving innan avfallshandtering og utarbeiding av avfallsplanar.
- innsamling og sortering av ulike avfallstypar.
- transporttenester.
- containerutleige til næring og privatpersonar.
- spesialiserte løysingar for farleg avfall.





*Vi tilbyr miljørådgjeving
med fokus på kjeldesortering
og materialgjenvinning.*

ØYVIND AMDAM, DAGLEG LEIAR

Med fokus på miljø

Retura Søre Sunnmøre tilbyr komplette avfallsløysingar for bedrifter i alle storleikar. Konsulentane våre har høg fagkompetanse innan avfallshandtering og materialgjenvinning. Vi utarbeider avfallsplanar som legg til rette for god og miljøvennleg sortering av avfallet, samtidig som krava frå myndigheitene blir oppfylte.

Vi tilbyr:

- kundebesøk med kartlegging av situasjon og behov.
- kundeapp.
- skreddarsydd avfallsplan.
- rådgjeving og opplæring av tilsette for å sikre optimal avfallshandtering.
- miljørapport med dokumenterte avfallsfraksjonar og mengder.
- merking for å betre sortering.
- løysingar for farleg avfall.



Utstyr for kjeldesortering

Vi tilbyr fleksible avfallsløysingar med eit breitt utval av containerar, dunkar og big bags. Containerane våre kjem med sorteringsretteiing. Kjeldesortering før avfallet blir levert eller samla inn, bidrar til ei miljøvennleg og effektiv avfallshandtering.

På nettsida retura-ss.no kan du:



bestille
container



bestille behaldar
eller storsekk



sjekke
sorteringsguiden



sjekke tømmedagar





Stor kapasitet og fleksibilitet

Liftbilane våre handterer containerar frå 2 til 15 m³, medan krokbilane har kapasitet på 22 til 38 m³.

Til krevjande oppdrag, som innsamling frå vanskeleg tilgjengelege stader eller handtering av store gjenstandar, brukar vi kranbilar. Vi samlar også inn hageavfall, tømmer, landbruksplast og skrapmetall med klype. Mindre mengder avfall og farleg avfall opp til 500 kg hentar vi med varebil.

Vi køyrer ruter med komprimatorbil for ulike oppdrag og handtering av spesifikke avfallstypar. Tenestene våre inkluderer henting av standard behaldarar frå 140 til 660 liter, tømning av kombicontainerar på 8 til 10 m³, og veging av avfall direkte med vekt på bilen.

Vi tilbyr:

- **flytting av maskinar, traktorar og køyretøy:**
Effektiv transport med maskinflak tilpassa større maskinar og kjøretøy.
- **frakt av stykkgoods:**
Vi fraktar alt frå små kolli til større last.
- **ADR-transport:**
Trygg og sertifisert transport av farleg avfall og gods.
- **innsamling av utstyr:**
Henting av gamle køyretøy, maskinar, campingvogner, båtar og meir.



Avfallssortering for næringslivet

Alle bedrifter i Noreg må sortere plast, mat, papp, papir, glas og metallemballasje frå restavfall. Dette er eit ledd i å nå målet om 65% gjenvinning innan 2035. Bedriftane er pålagde å dokumentere kjeldesorteringa og lagre denne informasjonen i minst 5 år. For å etterleve krava kan vi tilby oppsett og merking av avfallsstasjonar.

Vi hjelper deg med sorteringsretteleing og dokumentasjon!





ØRSTA CAMPING
orstacamping.no

Velkomen til Ørsta Camping

Du er hjarteleg velkomen til Ørsta Camping, kor vi gjer vårt beste for at du skal ha eit best mogleg opphald hos oss. Vi ønskjer og håper at du vil skape opplevingar for minneboka medan du bur på campingplassen. Vi dekkjer alle behov for overnatting og har eit gatekjøkken som er velkjent i heile regionen.

Osholane 2, 6150 Ørsta
post@orstacamping.no
(+47) 70 06 64 77

Bygderydding i Volda og Ørsta

Kvart år samarbeider vi med Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS om bygderydding saman med grendelaga. Vi set ut containerar for elektrisk avfall/kvitevarer og skrapjern/metall i kvar bygd i ei veke. Gjenvinning av metall og EE-avfall gir høg klimanytte, då det krev mindre energi enn å utvinne nye råmaterialar. Dette er viktig for å redusere globale utslepp og støtte FN sine berekraftsmål.

**WIST** ^{PI}

VELKOMMEN TIL WIST LAST & BUSS

Ring oss, send epost eller kom innom. Sammen finner vi den beste løsningen for deg.

+47 47469800
www.dealer.volvotrucks.no/wist

Har du farleg avfall?

Farleg avfall er avfall som ved uforsvarleg handtering kan påføre menneske, dyr og natur stor skade. Farleg avfall må ikkje blandast med anna avfall, tømmast i sluk, eller etterlatast i naturen. Vi i Retura garanterer trygge avfallsløysingar som tek vare på miljøet og fyller myndigheitene sine krav.

Ta kontakt så hjelper vi deg og bedrifta di med korrekt handtering, avfallsdeklarering og rettleiing!



Vi handterer farleg avfall som:

- asbest
- batteri
- bilbatteri
- impregnert trevirke
- kvikksølv – termometer
- løysemiddel
- lysstoffrør
- maling, lim og lakk
- oljefilter
- plantevernmiddel
- spillolje
- vindauge med klorparafinar
- vindauge med PCB
- med meir ...



Kva skjer med avfallet etterpå?

Verksemda vår tar miljøet på alvor ved å førebyggje forureining og finne dei beste gjenvinningsalternativa for kundane. Vi har konsesjon for mottak av både ordinært og farleg avfall og er sertifisert etter miljøstyringssystemet ISO NS-EN 14001 og kvalitetsstandarden ISO NS-EN 9001. Vi jobbar også med FN sine berekraftsmål for å bidra til å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Ansvarleg avfallshandtering er sentralt i dette arbeidet, og vi jobber kontinuerleg med å bli betre.



Vi takkar våre
samarbeidspartnarar



Vår lidenskap for
dekk gir deg **trygghet**
på vegen!



Langvatn Dekkservice AS

vatnedekkservice.no - 900 39 389



NORDCON

SAMMEN OM DE GODE LØSNINGENE



+47 21 52 52 50 • nordcon@nordcontainer.no



- ta lappen
med eit smil ...

**Langvatn
Trafikkskule**

6105 Volda - Tlf. 918 52 575
langvatntrafikkskule.no



ADR • Grunnkurs • KL1 • KL7 • TANK • Sikkerhetsrådgjevar

Førarkortklasser:

B - BE - B96 - C1 - C1E - D1 - D1E - C - CE - D - Yrkessjåførdirektivet




Full kontroll på miljørekneskapen

Myndighetene stiller stadig strengere krav til gjenvinning og avfallsrapportering. Med systemet vårt kan næringskunder enkelt ha oversikt over miljørekneskapen sin. Det gir bedrifta di betre kontroll over avfallsfraksjonar og mengder – til ei kvar tid.


Fordelen for deg som totalkunde hos Retura Søre Sunnmøre er at du får du fri tilgang til rapportmodulen. Her kan du velje ønska rapporteringsperiode og få detaljert inndeling av sorteringsgrad.

Ta kontakt, så opprettar vi ein brukar til bedrifta di!



Enkel oversikt i kundeappen

I kundeappen vår kan du som totalkunde enkelt halde oversikt over containarar og dunkar, og bestille tømning for bedrifta di.





Eit nytt og betre miljøselskap

ÅRIM og Bingsa Gjenvinning samla
seg til eitt selskap. No er vi Attvin.

Attvin



Utolmodig på vegne av framtida
attvin.no

*Retura – din lokale totalleverandør av avfallshandtering,
containerutleige, transport og rådgjeving!*



RETURA 
SØRE SUNNMØRE

Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda
TLF.: 70 04 86 10
E-post: rss@retura.no
www.retura-ss.no
Følg oss på Facebook og Instagram

